

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Torsdag 31.10. 2019 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Frå nyvald sokneråd: Sissel Steinsland Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda Steinsvåg Gunnarsjaa, Elisabeth Diane Håland Bjørnevik, Inger Johanne Sele, Astrid Litlabø Sakseide og Arne Thorsen.

Fridleif Lydersen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Elisabeth Bjørnevik, Margunn Ersland, Hildegunn Sortland Våge og Alfhild Hestenes

Til dette første møtet vart og alle varamedlemene kalla inn, og Einar Larsen og Johannes Bernhard Hjelland møtte.

Opningsord ved Fridleif frå boka «Du er elsket2 av Henri Nouwen

Sak 54-19: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent.
- Korrigert dato for «Lys vaken».

Sak 55-19: Meldingar og skriv

- Prostdag om diakoni 24.okt. frå kl.16.00 i Bremnes kyrkje. Lite deltaking. Burde vore betre gjort kjent.
- Kurs for nye sokneråd vert på Stord hotell 12.11. kl.17.00. Felles påmelding for nye soknerådsmedlemer.
- Nattevakter til «Lys vaken» **NB! Datoen skal vera 15.11.- 16.11. Det trengst to vakter frå kl. 24.00-kl. 04.00 og to vakter frå kl. 04.00- kl. 08.00**

Vanskeleg for soknerådet å stilla. Me ber difor kyrkjelydspedagogen spørja foreldre om å stilla som nattevakt.

Denne gongen vert 6. og 7. klasse i lag.

- Det har vore ferdigbefaring etter arbeidet på kyrkjegarden. Arbeidet ser bra ut, men nokre småting må takast opp til våren.
- Reinhaldar skulle tilsetjast i møte same kvelden, torsdag 31.10.
- Torunn har ordna lykt i gåve frå Lykling sokneråd i høve 150-årsjubileet til Bremnes kyrkje.

Sak 56-19: Orientering til nytt sokneråd

- November/desember: - Møteplan neste år
- Offersøknader/kollekt for våren
- Kyrkjevertliste
- Januar/februar: - Budsjett, rekneskap og årsmelding
- Mars: - Årsmøte for soknet skal haldast før
- utgangen av mars
- KN-aksjonen
- April: - Konfirmasjonsfest
- 17.mai, krans på støtta
- Mai/juni: - Gudstenesta Helvik- 07.juni 2020
- Møtedagar for hausten
- Ny offerliste og kyrkjevertliste
- August/september: - Kanaldagsgudstenesta -06.sept. 2020
- Haustprogrammet/temakveldar

- Torunn gjekk gjennom lista over.

Her hadde me kveldsmat i lag. Viktig å bli litt kjende med kvarandre, så praten gjekk godt rundt bordet, før det nye soknerådet sette seg saman for å konstituera seg. Torunn var saman med dei for noko rettleiing.

Sak 57-19: Konstituering av nytt sokneråd

Det skal veljast: -leiar, - nestleiar, - sekretær, - kasserar,
2 representantar til fellesrådet+ 2 vara

Sak 58-19: Ymse

- Ekstra saker vart tekne under sak 55.

Sakseid, 02.11.2019

Margunn Ersland, sekretær